

Retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Kvinnherad kommune

1. Henvending til kontrollutvalsmedlemar

Henvendingar til kontrollutvalsleiar eller -medlem må sendast til sekretariatet for journalføring og saksbehandling.

2. Munnlege henvendingar

Munnlege henvendingar må gjerast skriftlege for å kunne bli journalført og saksbehandla av sekretariatet.

3. Sekretariatet si saksbehandling før kontrollutvalet sitt møte

Sekretariatet journalfører og arkiverer henvendinga i tråd med rutinar for journalføring og arkivering. Sekretariatet gjer ei vurdering av innhaldet i henvendinga i forhold til kontrollutvalet sitt mandat, «trafikklysmodellen» og vanlege krav til saksbehandling. Dersom henvendinga openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, svarer sekretariatet avsendar i tråd med pkt. 4 og legg henvendinga og svaret fram for kontrollutvalet til orientering.

Alle andre henvendingar drøfter sekretariatet først med kontrollutvalet sin leiar. Om nødvendig kan sekretariatet gjere enkle avklaringar, for eksempel om henvendinga er til behandling hjå annan instans. Kontrollutvalet sin leiar avgjer om henvendinga skal settast opp som sak på sakslista.

For henvendingar som skal på sakslista, gjer sekretariatet ei vurdering av innhaldet i henvendinga og kjem med eit forslag til kontrollutvalet om korleis den kan handterast, i tråd med vanleg saksbehandling.

4. Tilbakemelding til avsendar

Alle som henvendar seg til kontrollutvalet må få tilbakemelding frå sekretariatet om at den er mottatt og blir vurdert. Om nødvendig vert det gitt det rettleiing om kva som er rett instans for henvendinga. Det vert føreslege å nytte teksten under:

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar). Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvendar seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil derfor ikkje vere klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.

5. Partsrettar

Avsendar har ingen partsrett i ei eventuell sak som vert behandla i kontrollutvalet. Avsendar har heller ingen klagerett på kontrollutvalet sitt eventuelle vedtak om å ikkje gå vidare med saken.

6. Kontrollutvalet si vurdering og prioritering

På grunnlag av saksutgreiinga frå sekretariatet vurderer kontrollutvalet i møte, om og eventuelt korleis henvendinga skal følgjast opp. Kontrollutvalet kan bruke «trafikklysmodellen» som hjelp i si vurdering av om henvendinga egner seg til oppfølging av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må i tillegg vurdere om utvalet har ressursar til å følgje opp den aktuelle problemstillinga.

7. Kontrollutvalet sine handlingsalternativ

Kontrollutvalet sine handlingsalternativ kan vere:

- a. Kontrollutvalet vurderer at dette ikkje er ei sak som kontrollutvalet vil følge opp og tek henvendinga til orientering. Saken vert avslutta.
- b. Kontrollutvalet vedtek å følge opp henvendinga ved å be om meir informasjon. Utvalet kan for eksempel be kommunedirektøren om å gje informasjon i neste møte. Utvalet kan også be sekretariatet om å hente inn meir informasjon.
- c. Kontrollutvalet vedtek å følge opp henvending med ei kontrollhandling.

8. Dersom henvendinga skal følgast opp med ei kontrollhandling

Dersom kontrollutvalet meiner at henvendinga dreier seg om eit saksfelt som utvalet bør sjå nærare på, må kontrollutvalet vurdere følgjande:

- Resulterer ei risiko- og vesentlegvurdering at utvalet skal bruke ressursar på saken, no eller seinare?
- Kva kontrollaktivitet er det mest hensiktsmessig å sette i verk dersom det skal gjennomførast ein kontroll?
- Skal den aktuelle henvendinga brukast direkte i sjølve kontrollen eller skal den brukast indirekte til å indikere risikoen på eit område?

Dersom forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll er aktuell kontrollaktivitet, kan saksfeltet settast på planen for forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll når det skal

utarbeidast ny plan eller planen skal rullerast. Eventuelt kan saksfeltet bli inkludert i formål og/eller problemstillingar i ein forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll som skal bestillast. Dersom utvalet vedtek å bestille ein forvaltningsrevisjon eller annan undersøking, føl vi vanlege prosedyrar for dette, jf. pkt. 9.

9. Vidare behandling

Den vidare saksbehandlinga føl dei vanlege rutinane i tråd med bestillar/utførar-modellen, tilsvarande som for ein forvaltningsrevisjon eller den kontrollforma som er valt av kontrollutvalet.